



Fakulteta

Referanse

2016/11875-HEBJ

Dato

07.11.2016

Utlysning Erasmus+ Mobilitet i verden 2017

Europakommisjonen har lyst ut Erasmus+ Key Action 1 for 2017/2018. Utlysinga opnar mellom anna for søknad om midlar til mobilitetstiltaket Erasmus+ International Credit Mobility (Mobilitet i verden). Det er små endringar i ordninga i årets utlysing i forhold til fjoråret, sjå Erasmus+ Programme Guide 2017 s 31-52. (vedlegg). For ei oppstilling av aktuelle land viser vi til s 23-25.

Partnerlanda er delte inn i 12 regionale grupper. Stipendmidla er ulikt fordelt på dei ulike gruppene, jfr budsjettet til fordeling for norske institusjonar (vedlegg).

Det vil vere positivt om endå fleire fagmiljø i år deltar i UiB-søknaden med aktuelle prosjekt, og Studieadministrativ avdeling inviterer fakulteta og interesserte fagmiljø med på informasjonsmøte **torsdag 1. desember kl.13.00-14.30, seminarrom E på Studentsenteret**. På møtet vil vi diskutere prosessen vidare fram mot ein felles UiB-søknad.

Søknadsfrist for ordninga er som i fjor 2.februar 2017. Kvar institusjon skal sende inn ein søknad. Studieadministrativ avdeling vil koordinere arbeidet med å skrive søknaden. Tildelte middel vil seinare bli administrert av Studieadministrativ avdeling på same måte som andre erasmusmidlar.

SIU si utlysing finn ein her:

<http://siu.no/Hoeyere-utdanning/Erasmus-i-og-utenfor-Europa/global-mobilitet>

Venleg helsing

Christen Soleim
avdelingsdirektør

Nina Gry Stein
seksjonssjef

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte